



Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4299 - 14/20605

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.09.2014

## Svar på skriv vedkomande utsleppsleidning på gbnr 238/3.

Vi viser til ditt skriv av 31.07.2014 og tidlegare korrespondanse i saka.

Hjelmås VVS AS har i skriv datert 1. og 6. september stadfesta og dokumentert at utsleppsleidningen er reparert og forlenga ut i sjø. Rørleggar skriv at etter den kjennskap har til kor leidningen er plassert og den moglegheit det har vore til å inspisera leidningen, ikkje kan sjå at leidningen har funksjonssvikt. Rørleggar har kontrollert tilgjengelege skøytar og påstikk og sett at det kjem vatn ut av leidningen. Gjennomført kontroll gjeld også leidningen til eigedommen som vart påkopl i 2012. Skade på leidningen i myr er tidlegare dokumentert retta opp. I samband med dette arbeidet vart leidningen gjennomspylt for å sikra at leidningen var open på det resterande strekket.

Utsleppsløyvet i saka er frå 1980 der det vart gitt løyve til utslepp til sjø etter reinsing av avlaupsvatnet i slamavskiljar. Løyve til utslepp av sanitært avlaupsvatn som er gjeve i medhald av forureiningslova og tilhøyrande forskrifter før 1. januar 2007 er fortsatt gjeldande, jf. Forskrift om begrensing av forurensing § 12-16.

Administrasjonen finn det tilstrekkeleg dokumentert at leidningen no er tett og ikkje forureinar. Men vi gjer merksam på at det er eigar sitt ansvar at vilkåra i utsleppsløyvet vert stetta, at det vert gjennomført naudsynt drift og vedlikehald av anlegget og at forureining ikkje oppstår. Kommunen ser med dette på saka som avslutta.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Jostein Smådal  
Hjelmås VVS AS

Eidavegen 254 5993  
Leknesvegen 183 5915

OSTEREIDET  
HJELMÅS

**Mottakarar:**

Jorun Borge

Eidavegen 207 5993

OSTEREIDET